



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-X26
Arkivsaksnr: 20/245	Løpenr: 20/9335
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	28.10.2020	082/2020

Fjernmøte for folkevalde organ i Samnanger kommune

28.10.2020 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 082/2020 Vedtak:

Alle folkevalde organ i Samnanger kommune kan ved behov halda møte som fjernmøte. Ordninga gjeld til og med juni 2021.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-7 første avsnitt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alle folkevalde organ i Samnanger kommune kan ved behov halda møte som fjernmøte. Ordninga gjeld til og med juni 2021.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-7 første avsnitt.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommunelova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)
- Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet (<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=67&Filld=1065>)
- Kommentartutgåve til kommunelova (Kommuneforlaget, Overaa og Bernt)

Kva saka gjeld:

Etter kommunelova § 11-7 første avsnitt kan kommunestyret bestemma at folkevalde organ i kommunen skal ha høve til å halda møte som fjernmøte. Kommunestyret i Samnanger har ikkje gjort slikt vedtak.

Som følge av koronapandemien fastsette regjeringa i mars 2020 ei mellombels forskrift om utvida høve til gjennomføring av fjernmøte («Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i

folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19»). Forskrifta gav heimel for at møte i folkevalde organ kunne haldast som fjernmøte, sjølv om kommunestyret ikkje hadde gjort vedtak om dette. Denne forskrifta vart oppheva 01.08.2020. Dette betyr at reglane om fjernmøte i kommunelova no igjen gjeld fullt ut.

I Samnanger vart nokre møte i folkevalde organ våren 2020 gjennomført som fjernmøte, slik den mellombelse forskrifta gav heimel for.

Vurderingar og konsekvensar:

Som følgje av koronasituasjonen, vil det truleg vera behov for smitteførebyggjande tiltak i Noreg i relativt lang tid framover. Det kan derfor ikkje utelukkast at det i løpet av dei neste månadene vil vera behov for å gjennomføra møte i både kommunestyret og andre folkevalde organ som fjernmøte. Sjølv om det så langt som mogleg bør leggjast til rette for at møte vert gjennomført som fysiske møte, kan det vera behov for å opna for at møte folkevalde organ kan gjennomførast som fjernmøte.

Dersom kommunestyret ikkje vedtek å opna for fjernmøte i folkevalde organ etter reglane i kommunelova § 11-7 første avsnitt, opnar kommunelova § 11-8 for at det likevel i nokre tilfelle kan gjennomførast fjernmøte. Etter kommunelova § 11-8 andre avsnitt kan leiaren i eit folkevald organ på visse vilkår beslutta å handsama ei sak skriftleg eller i eit såkalla hastefjernmøte, dersom det er påkravd å få avgjort ei sak før neste møte.

Rådmannen tilrår at kommunestyret 28.10.2020 gjer vedtak om å opna for fjernmøte i folkevalde organ etter reglane i kommunelova § 11-7 første avsnitt, slik at me ikkje risikerer at planlagde møte i haust må utsetjast/avlysast. Det vert tilrådd at ordninga skal gjelda til sommaren 2021 (til og med juni). Kommunestyret kan då om nødvendig vedta å forlenga ordninga, dersom koronasituasjonen tilseier at dette er nødvendig.

I boka «*Kommuneloven 2018 med kommentarer*» (Kommuneforlaget, Overaa og Bernt, 2019), står det at reglar om adgang til å nytta fjernmøte som møteform skal fastsetjast i reglements form. Dette bør sjåast på når Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet skal reviderast. Dersom kommunestyret ønskjer det, kan sjølv sagt eit eventuelt vedtak 28.10.2020 om å opna for fjernmøte i folkevalde organ innarbeidast i kommunen sitt eksisterande reglement.

Det går fram av kommunelova § 11-7 tredje avsnitt at saker som skal lukkast etter kommunelova § 11-5 andre avsnitt (d.v.s. handsamast i lukka møte), ikkje kan handsamast i fjernmøte. Den mellombelse forskrifta som gjaldt i perioden mars – juli 2020 gav heimel for at også slike saker kunne handsamast i fjernmøte, men det er no ikkje lenger moglegheit for dette. Det er viktig at både administrasjonen og dei folkevalde organa er merksame på dette.

Etter kommunelova § 11-1 gjeld bestemmelsane i kapittel 11 i kommunelova både for kommunale folkevalde organ (jf. kommunelova § 5-1) og andre kommunale organ (jf. kommunelova § 5-2). Det er lagt til grunn i denne saksutgreiinga at eit eventuelt kommunestyrevedtak om å opna for fjernmøte i folkevalde organ, også vil omfatta andre kommunale organ, jf. kommunelova § 5-2-